



Saksbehandlar: Arlen Synnøve Bidne, Nærings- og kulturavdelinga  
Sak nr.: 17/9839-5

## **Statsbudsjettet 2018 kap. 1429 post 79 - Tildeling av tilskot til kulturminne på verdsarvlista**

**...::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓**

### **Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur gjere slikt vedtak:**

1. Dei løyvde midlane frå statsbudsjettet 2018 kap. 1429 post 79 Verdsarv vert fordelt til følgjande:
 

a. Hansaløa i Undredal	kr. 1 045 000
b. Bakkemur og rydningsrøys på Bakka	kr. 215 000
c. Sagagarden på Bakka	kr. 110 000
d. Låven på Gudvangen gard	kr. 60 000
e. Parkforvaltar kulturminne, Nærøyfjorden verdsarvpark	kr. 250 000
f. Restaureringsleiar	kr. 100 000
Sum fordelte midlar	kr. 1 780 000
2. Dei tilbaketrekte midlane frå 2016, kr. 100 000 vert omfordelt til Fossestova.
3. Dei resterande midlane vil bli fordelt i samband med at dei to siste søknadane om tilskot vert handsama.
4. Fylkesdirektøren set nærare vilkår for bruken av tilskota.

**...::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑**

**... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓**

#### **Vedlegg:**

Brev av 3. mars 2018 frå Riksantikvaren  
Retningsliner og vilkår for tilskot frå statsbudsjettet kap. 1429 post 71-79  
Omtale og vurdering av dei innkomne søknadane

#### **Andre relevante dokument i saka:**

Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap – Delområde Nærøyfjorden  
Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap – Delområde Nærøyfjorden  
Innkomne søknadar om tilsko

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Samandrag**

Kvar år har eigarane av kulturminne i verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden høve til å søkkje fylkeskommunen om tilskot frå statsbudsjettet kap. 1429 post 79 tilskot til verdsarven, til ulike prosjekt i verdsarvområdet. For 2018 fekk fylkeskommunen inn søknadar til 8 ulike prosjekt i verdsarvområdet med ei total søknadsramme på kr 2 646 806.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har for 2018 fått tildelt kr. 2 000 000 i tilskot frå statsbudsjettet kap. 1429 post 79 tilskot til verdsarven, jf. vedlegg 1. Tilskotet skal fordelast ut i frå dei innkomne søknadane. Fylkesdirektøren har vurdert søknadane i høve føringar gitt i brev av 3. mars 2018 frå Riksantikvaren og i høve Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden.

## **2. Bakgrunn for saka**

Sogn og Fjordane fylkeskommune har for 2018 fått tildelt kr. 2 000 000 frå «Bevaringsprogrammet for verdsarv» til ulike prosjekt i verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden. Bevaringsprogrammet har som føremål å utvikle dei åtte norske verdsarvområda som fyrtårn for den beste praksisen innan natur- og kulturforvaltning og formelt vern i tråd med forpliktingane i UNESCO sin verdsarvkonvensjon og dei internasjonale retningslinene frå UNESCO.

Tilskot frå post 79 går til private eigalar og forvaltarar av verdsarvstadane i Noreg. To av dei åtte verdsarvstadane ligg i Sogn og Fjordane, Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden og Urnes stavkyrkje. I tillegg er Kvernsteinsbrota i Hyllestad på Riksantikvaren si tentative liste over verdsarv. Fylkeskommunen handsamar berre søknadar frå Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden, søknadar om støtte frå post 79 til Urnes stavkyrkje vert handsama direkte av Riksantikvaren.

For 2018 fekk Sogn og Fjordane fylkeskommune inn søknad om tilskot til 8 ulike prosjekt med ein total søknadssum på kr. 2 646 806. Desse søknadane danna grunnlag for fylkeskommunen sin søknad til Riksantikvaren om tilskot frå post 79 for 2018.

I brev av 3. mars 2018 gjorde Riksantikvaren følgjande vedtak om tildeling av midlar frå post 79:

### ***Vedtak 1 om tildeling***

*Riksantikvaren gjev med kr 2 000 000,- til Sogn og Fjordane fylkeskommune frå post 79 tilskot til verdsarven.*

På bakgrunn av søknaden og har Riksantikvaren fatta vedtak om fullmakt for tilsegn for midlar i 2019:

### ***Vedtak 2 om fullmakt til tilsegn***

*Riksantikvaren gjev med dette fullmakt til Song og Fjordane fylkeskommune for tilsegnsmidlar for 2019 på kr 500 000,- frå post 79 tilskot til verdsarven.*

Riksantikvaren har følgjande grunngjeving for tildelinga: «Hovudføremålet for kulturminneforvaltninga er å hindre tap av kulturminne og kulturmiljø. Ein skal og taka vare på kulturminna som bruksressursar og som grunnlag for kunnskap, oppleving og verdiskaping. Midlane under post 79 er knytte til det nasjonale målet om at områda Unescos verdsarvliste skal forvaltast i tråd med forpliktingane i Unescos verdsarvkonvensjon og retningslinene for oppfølginga av konvensjonen. Vestnorsk fjordlandskap er innskriven som eit reint naturområde, men der opplevinga av menneskjas liv og virke i området er ein vesentleg tilleggsverdi. Å ta vare på vitnemål om dette er i tråd med forpliktingane som fyljer av statusen som verdsarv.»

### **Fordeling av tilbaketrekte midlar**

I 2017 måtte fylkeskommune trekke tilbake kr. 100 000 av tildelte midlar til eit prosjekt som ikkje vart gjennomført i tråd med vilkåra for tildelinga. Dei tilbaketrekte midlane skal no fordelast til nye prosjekt i verdsarvområdet.

### **Fullmakt om tilsegn for 2019**

Nytt av året er at Riksantikvaren har gjeve ei fullmakt om tilsegn på kr 500 000 for 2019. Fylkesdirektøren ynskjer ikkje å fordele desse midlane no, men heller gjere dette i ei eiga sak i løpet av hausten 2018 når ein ser korleis dei oppstarta prosjekta utviklar seg og om det er behov for noko ekstra midlar til dei. Vidare er det forventa at det vil kome inn ein søknad om

tilskot til istandsetjing av våningshuset på Sagentunet på Bakka. Dette huset er høgt prioritert i restaureringsplanen og fylkesdirektøren ynskjer difor å halde att noko midlar i fall det vil bli behov for sikringstiltak på dette huset.

Vidare er det sannsynleg at det vil bli behov for ytterlege tilskot til Hansaløa. Dette må vurderast på nytt i samband med fordeling av førehandsløyvinga for 2019.

### **3. Vurderingar og konsekvensar**

#### **Føresetnadar og prioriteringar**

Dei innkomne søknadane er vurdert i høve til Riksantikvaren sine retningsliner og for bygningar er dei i tillegg vurdert i høve til prioriteringa gjort i Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden og HK-sak 44/14 der hovudutval for kultur gjorde følgjande vedtak:

1. Restaureringsplanen for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden; jf. vedlegg 1, skal vere retningsgjevande for fylkeskommunen sitt engasjement for bevaring og istandsetjing av bygningar i verdsarvområdet.
2. restaureringsplanen skal vere retningsgjevande i samband med fylkeskommunen si fordeling av midlar frå statsbudsjettet kap. 1429 post 79 Verdsarv.

Eit hovudprinsipp ved antikvarisk arbeid er å ta vare på mest mogleg av originalt material. Delar som må skiftast skal erstattast av delar av tilsvarande materiale tilverka på tilsvarande måte.

Vidare skal arbeidet utførast etter dei same handverksmetodane som tidlegare vart nytta i området, i den grad dette er mogleg.

Ei utfordring i verdsarvområdet er tilgangen på kvalifiserte handverkarar som kan hjelpe eigara av kulturminna med råd og rettleiing i samband med istandsetjing, og til å gjennomføre prosjekt som har fått tilskot. Ei følgje av dette er at ikkje alle prosjekt som har fått tilskot har blitt gjennomført etter intensjonane. For å hjelpe eigara i verdsarvområdet med råd og rettleiing nyttar fylkeskommunen ein mindre del av tilskotet til å finansiere stillinga som restaureringsleiar. Restaureringsleiar har ansvar for oppfølging av dei tekniske sidene ved istandsetningsprosjekta som får tilskot frå post 79. I tillegg skal han hjelpe eigara som vurderer å gå i gang med nye restaureringsprosjekt med råd og rettleiing i forhold til dei tekniske sidene. Dette for å bidra til at bygningen sine antikvariske verdiar vert tekne vare på i istandsetjinga.

#### **Vurdering av innkomne søknadar**

For 2018 har fylkeskommunen fått inn søknadar for mange gode prosjekt, fleire av dei er til bygningar som er omtala og prioritert i restaureringsplanen. To av søknadane er om tilskot til vidareføring/sluttføring av oppstarta prosjekt, låven ved Gudvangen gard og Hansaløa i Undredal. Fylkesdirektøren vurderer det som viktig at desse prosjekta vert ferdigstilt og ynskjer difor å prioritere desse i samband med tilskot.

Nærøyfjorden verdsarvpark har gjennom fleire år fått tilskot til delfinansiering av stillinga Parkforvaltar kulturminne og formidling. Parkforvaltar har gjort eit godt arbeid med å hjelpe fram istandsetningsprosjekt i området og hjelpt eigara med søknadar om tilskot.

Fylkesdirektøren vurderer det som viktig at det er ein person i nærområdet som kan hjelpe eigara av verneverdig kulturminne i samband med søknad om støtte til istandsetjingstiltak. Nærøyfjorden Verdsarvpark har og i samarbeid med eigar av Sagagarden på Bakka tatt initiativ til å planlegge istandsetjing av husa i dette tunet. I restaureringsplanen har våningshuset her første prioritet i for området Bakka og Tufto.

Når det gjeld søknadane om tilskot til sikringsbygg til eldhus på Bakka og om istandsetjing av løa i Kløvatunet som inneberer ei demontering av bygningen er dette tiltak som er søknadspliktige i medhald av plan og bygningslova. Fylkeskommunen har pr. i dag ikkje fått tilsendt kopi av løyve frå Aurland kommune om desse tiltaka og fylkesdirektøren ynskjer difor å handsame desse søknadane på eit seinare tidspunkt. Det er av den grunn føreslått at ein ikkje fordelar alle tilskotsmidlane i denne omgangen.

For nærmare omtale av dei enkelte prosjekta sjå vedlegg 3.

#### **4. Konklusjon**

Fylkesdirektøren syner til drøftingane ovanfor og rår hovudutvalet til å gjere vedtak it tråd med framlegg.

... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑